

gamal og velrøynd forsøksmann sa da han for 3—4 år sidan gjekk frå arbeidet. «Vi får likevel prøve og gi råd og rettleiding ut frå det vi har røynt og veit — utan alt for mange atterhald når det gjeld resultat av framtidig gransking.» For bonden, jordbrukaren, treng råd og rettleiding som ikkje for mykje er pakka i ull og skodde — liksåvel i dag som i framtida.

*Litteratur:*

- Agerberg, Lars S.: Vallodling på myr. Svenska Vall- och Mosskulturföreningens kvartalsskrift 1946.
- Foss, Håkon: Forsøk med gjødsling til eng. Melding frå Statens forsøkgard for fjellbygdene 1938.
- Hagerup, Håns: Beitekontroll for ulike dyrkingsmåtar på grasmyr til beite. Melding frå Det norske myrselskaps forsøkgard 1933.
- Haugen, Bj. M.: Røstjernmyra. Meddelelser fra Det norske myrselskap 1949.
- Lende-Njaa, Jon: Myr dyrking. Grøndahl & Søn, Oslo 1924.
- Lie, Ole: Fra mosemyr til åker og eng. Meddelelser fra Det norske myrselskap 1950.
- Lundblad, Karl: Vallvåxtodling på mossjord. Svenska Mosskulturföreningens Tidskrift 1935.
- Sakshaug, Bj.: Beitekontroll og grøftingsforsøk på Løken i Vestnes. Arbok for beitebruk 1944—1945.
- Sorteberg, Asoj.: Melding frå Ny Jords forsøkgard på Smøla. Ny Jord 1948.
- Uverud, Helge: Beitet på Apelsvoll. Arbok for beitebruk 1944—1945.
- Vigerust, Yngvar: Beitene på Smøla. Ny Jord 1950. Serpent.
- Ødelien, M.: Orienterende forsøk med store kunstgjødselmengder til eng på Østlandet. Meldinger fra Norges landbrukshøgskole 1947.
- Ødelien, M.: Forsøk med sterk gjødsling til eng på Østlandet 1946—1948. Forskning og forsøk i landbruket 1950. Sertrykk: Melding nr. 34 fra Norges Landbrukshøgskoles jordkulturforsøk.

## AREALSTATISTIKKEN I JORDBRUKET — TRENG HAN EI UTFYLLING?

Foredrag i Norsk Rikskringkasting, Bergen, den 10. desember 1950.

Av J. Byrkjeland.

Fram til fyrste verdskrigen hadde det ikkje rett mykje å segja korleis jordbruksstatistikken var skipa. Det var einast ei registrering av dei viktigaste talstorleikar i jord-, husdyr-, hage- og skogbruk. Korleis dei einskilde spørsmål var stilte, hadde i grunnen lite å segja. Der var ingi reguleringar eller inngrep som bygde på statistikken. For bøndene hadde det då ingi interesse anten statistikken var rett eller ikkje. Men i 1917 vart det store restriksjonar i innførsla av korn. Staten laut gå til rasjonering av dei viktigaste innførde matvarane. Og innførsla av korn og mjøl vart so snaud at staten laut gå til tvangsdyrking av korn. Når denne tvangsåkeren skulle bytast på fylke og herad, fekk me for fyrste gong bruk for nokon av dei tal som fanst i jordstatistikken. Men no synte det seg alt kor ufullstendige dei statistiske oppgåvone var. Jordstatistikken hadde berre desse rubrikkane: Dyrka jord, Naturleg eng, Utslåttor, Skogmark, og onnor mark.

Dei tvo fyrste rubrikkane dyrka jord og naturleg eng femnde då om den jordi me vanleg kallar i n n m a r k. Men kva hjelp var det i tali for innmark i kvart fylke? So gjekk dei då ut frå det talet dei fann for dyrka jord. Arealet av dyrka jord var etter teljingi i 1917 2,2 % av heile landviddi. Det synte seg altso so tidleg som i 1917 at me no hadde bruk for ein meir tidhøveleg jordstatistikk. Den som då var var altfor ufullstendig som grunnlag for tvangspåbod. Og det same har teke seg opp att gong på gong seinare i den nyare regulering som er sett i verk innan jordbruket. Me har og gjennomlevt ein verdskrig til med nye tvangsrådgjerder. Og mest alltid må desse byggest på den nyaste statistikken. Men det syrgjelege er at om ein no har endra jordbruksstatistikken noko lite frå teljing til teljing, er det ingen ting gjort ved dei grunnleggjande rubrikkar i jordstatistikken. Ja i teljingi i 1939 har dei til og med teke bort rubrikkane 1 til 6 som gjer greide for korleis landarealet byter seg på ymis jord. Den detaljering som er sett inn i staden er heller verdlaus som grunnlag for reguleringar. Det eg då lyt slå fast er at sjølve grunnlaget for jordstatistikken, skiljing etter jordart, etter lægje o.s.b., der ser ein ingen framgang. Soleis som tali for dyrka jord er oppsette, herad etter herad, frå den eine landsenden til hin, må alle som les få den tanken at desse jordviddene er jamgode, so sant dei er dyrka. Anten det er slettland eller brattlende, anten det er djup fastmark eller grunnlende med ei snaud spaddjupn til fjellet, anten det er mineraljord eller myrjord gjer eit og det same for statistikken. Han er ikkje småleg soleis. Og statistikken tek på ingen måte noko omsyn til om dyrka jord kan arbeidast med plog eller om ein i tilfelle det skulle verta tale om tvangsdyrking må triva til spaden, eller om teigane ikkje kan slåast med slåmaskin, men berre med ljå, eller jordi so grunnlendt at ein ikkje kan få ein hesjestaur til å stå.

Den norske jordstatistikken må vera laga etter eit framandt mønster, for han høver ikkje til det norske landskapet, ikkje som ein lånt klædebunad.

Det er no frå Danmark me mest plar låne, når det gjeld mønster. Men sjølv i den danske statistikken er det ein dubbel rubrikk for andre græsarealer, som vert skild i slike på lav bund og på høij bund. Og ein finn der opplysningar om moser til tørveskjær og jamvel arealet av grunn til veje, stier, byggegrund og gårdspladser, heder og lyngbakker m. v. Hjø oss finn ein ingen ting om slike viktige ting. Derimot gjer me oss den umak å telja bærbuskar. Alt i alt må det vel segjast at den norske jordstatistikken er hjelpelaust forelda. Og difor helt utenleg som grunnlag for dei mange reguleringar som no vert sette i verk. Reguleringar og den heile jordbrukspolitikk som vert bygd på den nove-rande statistikk kan ikkje anna enn verta urettferdige. Der er då og eit veksande misnøgje med dei reguleringstiltak som no er sette i verk, og som byggjer på ein forelda jordstatistikk.

Når eg her har ført fram klagemål mot denne jordstatistikken, er det på sin plass å fortelja lydarane litt om kva som løyner seg i statistikken under namnet dyrka jord. At jordi er dyrka vil segja at ho er gjord dyr, dyrverdig, noko ved arbeid og noko ved kapital-påkostnad som årleg gjødsling eller frøsåning og so bort etter. Dei skilde i eldre tid millom dyrking til åker og dyrking til eng. Den siste dyrkingsmåten er no i stor mun opptekene i beitedyrking, og som no er so vanleg gjennom heile landet. Arbeidet innan denne greini av dyrkingi er fyrst og fremst ei rydjing. Men, so vidt eg har skyna har denne dyrkingsform like til det siste vore mykje utbreid i Nord-Noreg og er det visst endå.

På Vestlandet og i fjellbygdene var det og gjennom lange tider ei vanleg dyrkingsform. Og når denne rydja jordi årleg vart gjødsla, kunne ho i avkastning vera jamgod med fulldyrka jord som låg til varig eng.

Jord er soleis dyrka til ulike tider og på ulike måtar etter som vilkåri låg til rette i dette store uryddige landet. Det skilde seg i eldre tider mykje kor stor folketilvoksteren var. Når folketalet auka, trongst det meir jord til å skaffa mat og klæde til alle. Før som me veit var det jordbruket som var hovudnæringi langt ned i 1800-talet.

Korleis landskapet var laga, kor rike dei lause jordlag var, sette sine tydelege merke på gardane kring i landet, og avgjorde både vidd og godleik av den jord som vart dyrka.

Slettebygdene austanfjells har vel alt i alt landets beste kulturjord. Her var og er store samanhangande vidder av djup mineraljord, som høvde og høver vel til åkerland, og som til ei kvar tid kunde gjera seg bruk av moderne maskiner og maskinteknikk. Men og innan dette omkvervet sleng det no og då grunnare jord på skalberg, og det var oppstikkande kollar som berre høvde til skoggrunn. Og om det for det meste er heller flatt, er det i blandt bratte leirbakkar som berre vanskeleg kan nyttast til åker, og som difor jamnast lyt liggja til varigt england. Men ikkje noko av dette kjem til uttrykk i arealstatistikken.

Ber det so opp gjennom dalane til skogbygdene og fjellbygdene, er det kanskje ikkje mest jorddjupi det står på. Der kan vera jord nok, men i dalbotnen er det elvesletter, som vert overfløynde, og som av den grunn ikkje er brukande til åkerland. Og endå meir er det dette, at jordi er so bratt, at arbeidngi skapar store vanskar. Jordi vert flytt nedover, og det vert eit stort slit med moldkøyring, om grødeevna skal haldast ved like. No er det vel desse austlandske tilhøve ein serleg har havt for auga, når planen for arealstatistikken vart opplagd. Men av det som her er framhalde, er det tydeleg at statistikken sjølv under dei beste tilhøve ikkje er tilfredsstillande.

So mykje verre vert det då, når ein kjem til Vestlandet, der eg er best kjend. I Hordaland er det kring 15 000 gardsbruk med 5 mål innmark og meir. Av desse er det kring 10 000 bruk som har hest, og

som då har jordbruket som hovudnæring. Av det samla innmarksareal i 1929 utgjorde det som var bruka til åker og hage berre 12 %. Og endå er dette talet og for stort. For i dei 12 % er medrekna frukthagane i Hardanger. Men som me veit ligg desse for ein ikkje liten part på jord som aldri har vore spadvend. Ja til dels ligg frukthagane i ville urdar.

For dei sam berre kjenner Hordaland ifrå statistikken, må desse låge tal for jord til åpen åker høyrast heilt urimeleg. Men gjer ein seg kjend med landskapet, og dei naturlege vilkår, vil ein snart skyna at det er landskapet som er rett, og statistikken som er urett.

Skiftebruk i den vanlege tyding av ordet, er mykje sjeldsynt, og må so vera. Det er ikkje det at talet for dyrka jord ikkje held. Jau det gjer det nok. Men det skortar på skijjing millom åkerland og england. Når det gjeld fjord- og fjellbygder, vert det som austanfjells. Jordi er so altfor bratt til åkerland. Og her på Vestlandet kjem ei ny ulempe til, som dei austlandske dal- og fjellbygder ikkje veit av, nemleg den store årsnedburden. Det er ikkje berre det at jordi vert dregi nedover ved pløgjing og horving, men når jordi ligg i åpen åker vil fløvatnet dessutan vaska utor store mengder finjord, som vert ført uti fjordane, og aldri finst meir. Å bruka brattlendt jord som åker verkar då som ei utpining. Forsøksleidar Røyset har gjort nokre mykje interessante utrøyningar med dette, der han fekk fastlagt kor store finjordsmengder som vart skola vekk i eit år.

Hordaland er eit mykje jordfatigt landskap. Det gjeld kystbygdene og eit godt stykke inn i fjordane. Søre Sunnhordland og Voss er vel best stelt. Liksom Nordhordland er mest jordfatigt. Når ein tek undan dei tvo inste fjordbygdene Masfjorden og Modalen har ikkje dei andre Nordhordlandsbygdene ein gong veggrus enn segja støypesand. Alt sand og grus må kjøpast og førast lange veger. Og kva dette har å segja i våre dagar, er lett å skyna, no då det spørst om betong i all byggjeverksemd, og vegslitet er vaksen til det mangeduble med den veksande bil- og busskøyring.

Men kva slags dyrka jord er det dei har innan dette området, kan ein då spørja? Ja det meste er myr og grunnlendt torvjord. Største parten av gardane ligg her som elles i landet nedanfor den øvre marine grense.

Sjøbrot og bårselag synes å ha vaska bort all brejord, so då dette ujamne berglandet omsider steig opp or havet, laut plantevoksteren lata seg nøgja med ein naken fjellgrunn. Det vart då myrar i lægdene, og for det meste grunn torvjord der det var mer opplendt. I dette småkuperte lendet er myrane aldri store i vidd, jamnast berre nokre fåe mål, og ofte under målet. Ein lyt og leggja til at dei som regel ligg på slette fjellet. Nydyrka gjer dei god tenest som åkerland nokre år. Men slik dei er samansette går formoldingi veldigt fort, so dei kverv med ein tume om året og meir om dei vert bruka som åker. Dei må då vanleg grøftast på nytt med 20—30 års millomrom, alt

etter kor sterkt ein driv. Då myrane ligg i småe søkk i lendet, kjem ein snart ned på berge i utkantane, og det som kan nyttast til plogland minkar inn for kvar gong ein grøftbar. Og den jord som ligg millom myrane er i alle høve so grunnlendt, at det ikkje kan nyttast til åker. Ein må vera glad om slåmaskin kan ta seg fram over skolt og skallar.

Her er fullt opp av gardsbruk i Hordaland som er oppførde med over 50 mål dyrka jord, men som likevel lyt bruka same teigane til åker år etter år, tiår etter tiår, avdi det er dei einaste teigane som let seg pløgja og horva. Men etter dei no gjeldande reglar skal slike bruk berre få halv rasjon av kolhydratkraftfôr. Det finst og nokre bruk med meir enn 150 mål dyrka jord, men som ikkje har meir enn 20 mål som på skapleg vis kan drivast som åker. Til straff for at naturi har vore so ugod mot desse når det gjeld åkerland, skal dei no missa heile kolhydratrasjonen med kraftfôr. Ein kan då ikkje undra seg over at tiltrui til staten sin evne til å gjera rett og skil minkar i mange strok av landet.

Kan det då vera so umogeleg å betra arealstatistikken? Det har vel ikkje vore freista, er von. Det er det som er saki. Men med dei mange reguleringstiltak som no vert sett i verk, må ein vel segja at arealstatistikken sårt treng ei utfylling. Fyrst og fremst gjeld det då å få ein rubrikk for viddene av det som kan brukast til åkerland. Kva hjelp er det i korntrygd og potettrygd for dei bygder som ikkje har åkerland? Det verkar helst som eit trugsmål: Legg ned dette gardsbruket, som no er soleis laga at naturi forbyd åkerbruk, og dermed og å nå dei føremuner staten etlar jordbruksyrket. Det kunde nok og trengjast at arealstatistikken gav ei meir detaljera skilgreida om det me kallar dyrka jord i det heile.

So mykje som arealstatistikken no har å segja i vår jordbrukspolitikk, vilde eg gjerne med same slå til ljod for at statistikken gjorde seg bruk av det veldige kartmateriale me har liggjande i utskiftningsarkivi. Er det verkeleg meining i at me til kvar jordbruksteljing skal nøgja oss med runde skynstal om desse grunnleggjande faktorar, når me på same tid med stor påkostnad har skaffa oss gode utskiftningskart, som vilde kunna gje oss pålitelege tal for ein stor part av jordbruksarealet? Er det meining i slikt?

Eg nemnde at ein i den danske arealstatistikk og finn ein rubrikk for byggegrunn og gardsplassar. Det må undra ein at noko tilsvarande ikkje synest vera påansa i vår statistikk. Me har alt sidan staten tok til med tilskott til nydyrking, fått nøgje greide på kor mange mål jord som er kome til ved nydyrking. For Vestlandet sin part er det på det reine at det meste av denne nydyrking er jord som ikkje duger til åkerland. På den andre sida har andre yrke, industri, transport, bustadbyggjing teke store areal ifrå jordbruket. So vidt eg veit, har statistikken ingen ting å fortelja oss om kor store desse areal er. Men det som er visst er, at den jord som jordbruket

på den vis har mist i dei aller fleste tilfelle, er dyrka jord, ja, for ein stor part av den beste åkerjord i vedkomande bygd. Korleis kan det ha seg at arealstatistikken heilt har overset dette viktige spørsmålet? I økonomiske oversyn for eit lenger tidsrom har det tidt og ofte vore halde fram kor veldig nydyrkingi var i millomkrigstidi. Og då det ikkje er gjort noko atterhald, må den ukritiske lesar få den meiningi at nydyrkingi var nettotilvokster. Men når ein tenkjer seg om, og hugsar korleis byar og industrisamhelde, husbøle kring jarnveg og dampskipsstoppestadur har utvida seg i same tid, kjem det mykje til frådrag. På dette omkvervet treng og arealstatistikken ei utfylling. I det heile er jordstatistikken vår so uferdig, so lite avmåta etter norsk landskap frå Lindesnes til Nordkapp at det er på høg tid at me får ei ombot. Me lyt sjå til å få ein statistikk av jordbruksjordi som ho er i dette fjell-landet, ikkje som me ynskjer ho skulde vera. For ingen kan gjera Noreg til sletteland!

---

## STATSGARANTI FOR MASKINTORV.

Fra Landbruksdepartementet, Tømmer- og Trelastkontoret, har vi mottatt følgende meddelelse vedrørende statsgaranti for avsetning av maskintorv:

«Stortinget har den 18. april d. å. gjort vedtak om det stilles statsgaranti for avsetning til den til enhver tid fastsatte maksimalpris med fradrag av 10 % av inntil 200 000 m<sup>3</sup> maskintorv som blir produsert til bruk i brenneterminen 1951—52 og 1952—53, tilsammen for begge år.

Når Stortinget påny har funnet det nødvendig å stimulere torvproduksjonen ved å stille avsetningsgaranti for den maskintorv som produseres, så skyldes dette at mulighetene for import av kull og koks er høyst usikre. En må således rekne med at det bare vil bli mulig å stille et begrenset kvantum kull og koks til disposisjon for husoppvarming neste vinter. På grunn av svikt i tømmerhogsten må en videre rekne med at en betydelig del av den ved som produseres vil bli overtatt av industrien, og det vil derfor mere enn noen gang tidligere være påkrevet å gå inn for økt produksjon av brenntorv.

I henhold til foranstående henstilles det til samtlige torvprodusenter snarest mulig å sette i gang produksjon av størst mulige kvanta torv. Produsenter bør videre straks sette seg i forbindelse med eventuelle tidligere avtakere eller andre som kan være interessert i å kjøpe torv for om mulig allerede nå å få truffet avtale om leveranse for neste vinter. Kommunene og statsinstitusjonene er for øvrig allerede anmodet om å tre i kontakt med sine tidligere leverandører for å avgi bestilling på de torvkvanta som de mener å måtte trenge for kommende brennetermin.

Det er foreslått at subsidieordningen på innenlandsk brensel blir opprettholdt, men noe bindende tilsagn kan ikke gis før Stortinget